



## Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2023/805-1

Saksbehandlar: Inger Helene Brandsar

### Saksgang

| Saksnummer | Møtedato | Utval  |
|------------|----------|--|
|            |          | Brukarråd  |
|            |          | Eldreråd   |
|            |          | Hovedutval for helse, oppvekst, omsorg og kultur |
|            |          | Formannskap                                      |
|            |          | Kommunestyret                                    |

## Justering av forskrift om ledsagerbevis for personar med funksjonsnedsettingar

### Vedlegg

- 1 Ledsagerbevis - anmodning om å fjerne nedre aldersgrense
- 2 Anmodning om ledsagerbevis.pdf
- 3 Justering av forskrift om ledsagerbevis for personar med funksjonsnedsettingar

### Saksutgreiing

Forskrifta har vore behandla politisk tidlegare i Skjåk kommune, og administrerast av Lom og Skjåk tildelingskontor.

Skjåk kommune fekk ei henvending frå organisasjonen "Løvemammaene" med ei førespurnad om å vurdere å ta bort aldersgrensa i forskrifta. Førespurnaden gjeld mellom anna at det er eit stort behov for ledsagere for born under 8 år med funksjonsnedsettingar, og dette er gjerne i t.d. avlastning. Deira henvending ligg ved saka.

I henvendinga blir det synt til BUFDIR, som i sine Veiledende nasjonale retningslinjer for ledsagerbevis for funksjonshemmede har ei klar anbefaling om å ikkje ha ei aldersgrense. Denne finn ein på denne nettsida: <https://www.bufdir.no/fagstotte/produkter/ledsagerbevis/>

Lom og Skjåk tildelingskontor har gjort ei vurdering av forskrifta og har oppdatert teksten.

### Vurdering

Skjåk kommune vurderar at det ikkje er nødvendig å oppretthalde aldersgrense på ledsagerbevis, men at det skal gjerast ei individuell vurdering av behovet for ledsagerbevis.

**Kommunedirektøren si tilråding**

Skjåk kommune vedtek *Forskrift om ledsagerbevis for personar med funksjonsnedsettingar*.